

Referat frå møte i Samarbeidsutvalet (SU) ved Landro skule

| | | | |
|-----------------------------|---|-------|---|
| Tidspunkt: | Måndag 14.03.22 | Stad: | Landro skule, personalrommet |
| | | | |
| Desse var kalla inn: | | | |
| Anette Johansen Arslan | | | Foreldrerådet, leiar FAU (meldt avbod) |
| Christine Brogstad | | | Foreldrerådet, nestleiar FAU |
| Lisbeth Kvalheim | | | Undervisningspersonalet |
| Ingvild Langeland Tellnes | | | Undervisningspersonalet |
| Monica H. Sæle | | | Andre tilsette |
| Hege Misje | | | Kommunal representant, politisk |
| Anita Vabø | | | Kommunal representant, rektor |
| | | | |
| Sak nr. | MØTE I SKULEMILJØUTVALET | | |
| | Gjennomgang av referat frå sist møte. Ingen kommentarar til referatet, men vi kjem tilbake til nokre av desse sakane etter neste FAU-møte. | | |
| 11-21/22 | Saker og orientering frå FAU: <ul style="list-style-type: none"> • Det er ikkje så mykje å melde frå FAU før neste FAU-møte er gjennomført. Her blir blant anna saken om dugnad knytt til skogen/uteområdet drøfta. • Etter at ny påminning vart sendt ut om at ein ikkje må parkera i av- påstigningssona har dette betra seg. • Det har vore gjennomført møte i 17. mai-komitèen og planlegginga er i gong. Det vart stilt spørsmål om skulen kjende til at det tidlegare har vore gjort avtaler med reinhaldarane om ekstra vasking i etterkant av 17. mai-arrangementet? Møtedeltakarane frå skulen kjenner ikkje til at det har vore ei slik avtale. Det blir viktig å utarbeide gode planar med klar ansvarsfordeling til dei ulike oppgåvene på 17. mai. Skulen/kvar klasse tek ansvar for å ordne at 17. mai-fanene er klare til bruk. I tida som kjem skal komitèen jobbe vidare med fordeling av oppgåver, innsamling av premier o.l. | | |

| | |
|----------|--|
| | <ul style="list-style-type: none"> Det kom spørsmål om skulen skulle gjennomføre seniortreff denne våren, og om det evt. kunne vere eit arrangement som kunne skaffe inntekter til FAU. Skulen ønskjer å evaluere arrangementet som tidlegare har vore kalla seniortreff. Vi veit at mange av besteforeldra er i jobb og ikkje kan stille på arrangement i skuletid. Denne våren blir det sommaravslutning for klassane som blir prioritert av arrangement. |
| 12-21/22 | <p>Saker og orientering frå skulen:</p> <ul style="list-style-type: none"> Frå midten av januar og fram til vinterferien opplevde vi eit høgt smittetrykk både blant elevar og tilsette ved skulen. Dette ført til høgt fråvær av tilsette, som igjen resulterte i omorganisering og at ein del gruppetilbod måtte gå ut. Forsvarleg drift var første prioritet i denne perioden. Over vinterferien har det vore lite smitte på skulen. Rektor orienterte litt om prioriteringar som må gjerast i samband med neste skuleår og ressursar. I ressurstildelinga til skulane vil lovpålagte oppgåver vere hovudprioriteringa, og det blir noko nedtrekk i ressursar. Landro skule har ein relativ høg andel elevar som treng spesialundervisning og ekstra tilrettelegging i skulekvardagen sin. Vi er difor avhengig av å byggje gode tiltak for å møte desse behova. Garen på Landro er eit godt tilbod for elevar som treng meir tilpassa opplæring i form av praktisk læring og sosial trening. Over 30 elevar får kvar veke nytte dette tilboden. Neste skuleår vil vi halde fram med å satse på Garen på Landro. Vi ser at ved å byggje opp eigne tilbod kjem det fleire av elevane våre til gode, framfor å kjøpe nokre få og kostbare elevplassar på alternative kommunale tilbod. Vi snakka litt om situasjonen knytt til krigen i Ukraina. Flyktningar er allereie komne til kommunen, og det er viktig at dei blir tekne imot på ein god måte. Kommunen jobbar med korleis ein skal løyse skuletilboden for barna som kjem. Nokre skular vil nok få ein spesiell rolle i dette arbeidet. Skulen ønskjer å arrangere påskelunsj for elevane i veke 14 i gymsalen. Vi ser for oss inndelinga 1.-3. klasse og 4.- 7. klasse. FAU dekker innkjøp av brød/rundstykker, så står skulen for resten av kostnadane til innkjøp. Teamleiarane og administrasjonen må avklare meir detaljar rundt gjennomføringa. Skal det arrangerast i to omganger same dag, eller ønskjer vi å fordele på to dagar? I tida med pandemi har klassane hatt få arrangement med elevar og føresette. Dette har ført til at føresette i dei ulike klassane har møtt kvarandre i liten grad. Skulen og SU ønskjer difor at det blir prioritert sommaravslutningar anten klassevis eller trinnvis. Avslutningane blir eit samarbeid mellom kontaktlærarane og foreldrekontaktane. Denne saka blir drøfta meir i neste teammøte med lærargruppa. |

Neste SMU/SU-møte: mandag 02.05 kl. 18-20.

Referent:

Anita Vabø

Rektor